

Osterøy kommune
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Dato	20/06/2023
Vår referanse	2022/94484-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Jostein Aksdal
E-post	Jostein.Aksdal@vlfk.no
Telefon	90207124

Krav om arkeologisk gransking i samband med - dispensasjon til oppføring av husvogn - gnr. 66 bnr. 1 - Osterøy kommune

Vestland fylkeskommune viser til sak med søknad om etablering av oppstillingsplass for husvogn og dispensasjon frå LNF.

I samband med søknad varsla me trong til ytterlegare gransking av arealet med omsyn til eventuelle automatisk freda kulturminne om Osterøy kommunen gav dispensasjon. Når det no ligg føre vedtak om dette, vil me jf. § 3 i kulturminnelova varsla ei arkeologisk registrering i området, dette før me kan ta endeleg stilling til om tiltaket vil koma i konflikt med automatisk freda kulturminne.

Vestland fylkeskommune har for tida mange arbeidskrevjande prosjekt og me kan slik ikkje setja fast ein dato for gjennomføring og ferdigstilling av saka. Me vil søkje å få gjort registringa så snart som råd, men ser at ferieavvikling avgrensar tilgang på personale.

Vestland fylkeskommune vil som delegert kulturminnemynde slik måtte setje ein frist til 15 august for uttale, men vonar å få til ei avklaring tidlegare om det let seg gjere. Me viser til at det ikkje må setjast i verk arbeid på staden før vår registrering er ferdigstilt.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan

Jostein Aksdal
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift